

Møre og Romsdal fylkeskommune med Ragnhild Holen Relling - Prosjektleder hadde ein presentasjon (vedlagt) for dei møtte. Det møtte opp 18 personar samt representantar frå Kystverket, fylkeskommunen og Herøy kommune. Kystverket med Ingvild Paulsen Vie stilte saman med fylkeskommunen for å kunne svare på spørsmål.

Kommentarar/innspeil: Følgjande personar hadde kommentarar/innspeil:

- Stig Arne Sævik - Representerte Søre Sunnmøre Fiskarlag
- Arve Myklebust - Representerte Redere og fiskarar i området
- Per Gustav Remøy – Beboar på Remøya
- Steffen Rødal - Skipsfører frå Redningsselskapet
- Tine Storøy - Ordfører i Herøy kommune
- Daniel Storås - Fiskar
- Pål-Cato Reite - Navigatør skip / Beboar på øyene
- Tor-Andre Storås – Driver maritim næring på Remøya

Oppsummering av kommentarar/bekymringar. Dei som ga innspel uttrykte fleire bekymringar:

- **Seglingshøgde:** Dei frammøtte ga klart uttrykk for at redusert seglingshøgde vil påverke både kommersiell og fritidsbåttrafikk, inkludert redningsoperasjonar og ambulansebåtar. Spesielt blei det nemnt at moderne fiskebåtar er høgare enn før, og at ei lågare seglingshøgde vil vere lite framtidsretta. Det blei framheva at det ville vore rart å redusere seglingshøgda når Nerlandsøybrua som ligg i same leia blir bygd med 20 meters seglingshøgde (Merk: Gamle Nerlandsøysbru har 20 meter seglingshøgde, mot Remøybrua som har 17 meter). Nokre framheva at Nerlandsøybrua og Remøybrua burde hatt same seglingshøgde i framtida, dvs. at høgda aukast frå dagens 17 meter til 20 meter. Det blei referert til farledsnormalen, som påpeiker at når ein startar på ei lei, skal ein forvente å fortsette gjennom utan hindringar (f.eks. djupne, breidde og seglingshøgde).
- **Vêrforhold:** Rundebrua blei nemnt som vêrhardt og utfordrande for båtar å navigere, noko som kan påverke tryggleiken og reisetida (med inntil 1 time kvar veg)for fiskarar og andre brukarar. Det blei framheva skjær i nærleiken av Rundebrua, hardare sjø, m.m. enn å gå Nørdre Vaulen.
- **Næringsliv:** Dei frammøtte påpeikte viktigheita av å oppretthalde maritim infrastruktur for å støtte næringslivet i området, inkludert service på havbruksnæringa og båtverkstader. Auka tidsbruk for næringa å gå via Rundebrua blei nemnt som ein negativ konsekvens samt at det er svært vanskeleg å utføre slep i Rundesundet. Det blei også uttrykt kritikk mot at næringa ikkje blei spurt då Kystverket avgjorde at seglingshøgda kunne reduserast i byggefase. 3 år utan å kunne bruke Remøybrua ville ha store negative konsekvensar for næringslivet. Det er auka næringsaktivitet i Herøy som dei frammøtte meinte heng saman med

ei tilgjengelegheit til Nørdre Vaulen. Det blei påpeikt at marin næringsaktivitet gir ringverknader til annan næringsaktivitet på land.

- **Beredskap:** Redningsselskapet kom med innspel at dei hadde ei høgd på 14 meter i dag. Ei redusert seglingshøgd vil påverke deira operasjonar, også ved slep av båtar. Remøyvaulen er den føretrukne leia, Auka seglingstid ved redning (auka hastigheit) ville ligge oppunder 5 minutt ekstra seglingstid via Rundebrua. Redningsselskapet vil vente på ei henvending frå fylkeskommunen før dei svarar ut skriftleg. Dei frammøtte peika på at 5 minutt er lang tid når det står om liv i dårleg ver
- **Miljø:** Det blei også nemnt at lengre reiseruter på grunn av redusert seglingshøgd kan føre til auka CO2-utslepp og at dette måtte fylkeskommunen ta med i sine vurderingar.

Tilleggsinformasjon: Det blei på møtet stilt spørsmål med lysbilda nr 19 og 20 (Registrerte skipspasseringar) i presentasjonen då talet på passeringar under Remøybrua verka lågt. Dette er sjekka opp i, og det er talet på unike båtar som passerer og ikkje talet på båtar totalt. Det er derfor basert på data frå Kystdatahuset for eksempel 139 unike skip med lengde kortare enn 24 meter som passerte i 2024.

Avsluttande oppsummering: Fleire deltakarar sa at dei skulle sende skriftlege innspel til saka. Fristen for å kome med innspel på mellombels seglingshøgd er 19. mai. Fylkeskommunen vil også sende ut førespurnad til Forsvaret om dei har innspel til framtidig seglingshøgd.